

Knarvik 17. februar 2018

Lindås kommune
ved Siril Therese Sylta (avdelingsleiar)

Juvikstølen Velforening
ved Ketil Tjore (leiar)

Ny tilbakemelding vedkomande grillhytte - gbnr 185/280 Isdal

Viser til dykker brev av 16. januar 2018, med dykker referanse 17/2631 - 18/1609.

Her er det bedt om klargjering spesielt av måla på grillhytta som i regi av Juvikstølen Velforeining og eldsjeler er oppført på friområdet ved Orresteinen i Juvikstølen.

Det er gjeve løyve til å føra opp ei grillhytte på 15 kvadratmeter bruksareal eller bygdareal. Teikningane for hytta som er reist ligg ved. Som ein kan sjå der er fotavtrykket 16,5 kvadratmeter. Bruksarealet er likevel mindre, også mindre enn 15 kvadratmeter, sidan det er berre 115 centimeter høgde langs ytterveggane (med unntak av akkurat ved døra).

Bruken av grillhytta bli administrert gjennom ei eiga side på Facebook, ein finn den ved å søka etter "Grillhytta i Juvikstølen velforeining". På sida der står reglementet for bruk, herunder ordninga med nøkkelskål på veggen (nøkkelen til hytta ligg i ein nøkkelskål ved døra, koden til nøkkelskålen får ein av dei som administrerer bruken).

No i februar kan eg sjå frå bookingane på sida at hytta er brukt til fleire vennetreff for born på barneskulen, og Juvikstølen barnehage har vore innom fleire gonger.

Eg legg ved hyttereglane som eit vedlegg (nest side).

Mvh
Ketil Tjore

Juvikstølen Vel, leiar

Regler for bruk av grillhytta:

1. Ansvarlig for lån av grillhytta må være over 18 år og være beboer i Juvikstølen Velforening.
2. Den enkelte må selv ta med utstyr en trenger til bruk av hytta.
3. Ta med ved/kull til fyring. Ikke fyr med søppel eller behandlet trevirke.
4. Ta av sko før du går inn. Legg sko/klede rett innafor døra.
5. Vis hensyn og la naboen få nattero etter kl. 23. Demp lydnivå!
6. Forlat grillhytta i den stand du selv ønsker å finne den. Rengjør grill. Rydd opp og ta med alt av søppel både inne og utafor hytta.
7. Hytta skal være låst når den ikke er i bruk. Nøkkelboks med kode utenfor hytta.
8. Det er ingen parkering direkte til grillhytta. Parkering ved Juvikstølen barnehage eller ved skulen. Dette har de som arrangerer ansvar for å formidle til gjester.

Vipps gjerne valgfritt beløp ved lån av hytta. Dette vil gå direkte til vedlikehold og fornying av hytta. Vipps: 129296, skriv grillhytta i kommentarfelt.

Grillhytta er felles eiendom og felles ansvar.

Ta godt vare på den!

Mvh

Juvikstølen velforening